

P R E S S E M E L D I N G .

Vi introduserar nå behovet for eit landsomfattende hardingfelefond.

Norsk Hardingfelefond A/S er eit idealistisk selskap som har til føremål å fremme bruken av nasjonalinstrumentet, hardingfela.

Målet er å bygge gode hardingfeler som skal delast ut til unge talent innan tradisjonsmusikken, men også innan andre musikkjangarar som klassisk- samtidsmusikk, jass og popmusikk.

Hardingfela er eit fantastisk instrument som vi er aleine om i verda, og som fortjener ein mykje større plass innan norsk musikkliv

Det er kanskje spesielt innan dei siste nemnde sjangarane det vil vera mest interessant for musikarar å eksperimentere med hardingfela sine mange stemmingsmåtar og spesielle klangbilde.

Hardingfela er opphaveleg bygd som barokkinstrument, og vi ser det som viktig å ivareta barokkelementet i instrumentet, men også å kunne tilpasse instrumentet til den einskilde utøvaren sin spillestil og musikkjangar.

Det er derfor viktig at eit slik instrumentfond blir knytt direkte opp mot ein verkstad, som har fagkunskap og utdanning frå den etablerte fiolinmakerskulen, nettopp med tanke på at instrumenta skal kunne tilpassast til dei ulike musikararane og sjangarane. Ved ein slik verkstad vil felene også få kyndig vedlikehald og ettersyn.

Alle som ynskjer det kan søke om å få tildelt instrument.

Utøvaren vil kunne disponere instrumentet gratis, som sitt eige instrument over lengere tid.

Gjerne så lenge som 20 -30 år, eller så lenge utøvaren er aktiv og sjøl ønskjer å bruke instrumentet. I motsetnad til å få instrumentet til odel og eige, vil ei slik ordning medføre at instrument ikkje blir liggjande ubruka. Ordninga vil også føre til at utøvaren forpliktar seg til å ivareta instrumentet på beste måte, og at det soleis kan koma fleire til glede og nytte.

Kandidatar vil bli utvald av ein komite av nøkkelpersonar frå dei ulike musikkmiljøa innan norsk musikkliv. (sjå under)

Norsk Hardingfelefond A/S vil ved hjelp frå utvalgskomiteens medlemmer og andre, fremme bruken av instrumentet på andre måtar også. Til eks. ved å inspirere til samspel mellom ulike sjangarar, og etter kvart syte for at det blir komponert meir musikk for hardingfele.

Det er mangel på nylaga gode hardingfeler, men det finst ei rekkje felemakarar som ved noko støtte vil kunne laga gode feler. Hardingfela er svært tidkrevjande å bygge, og det seier seg sjøl at prisane blir høge. Det medfører at mange talentfulle ungdommar ikkje har økonomi til å skaffe seg det instrumentet dei fortjener. Difor er Hardingfelefondet nødvendig.

For at eit slikt idealistisk selskap skal kunne ha kontinuitet og kunne dele ut instrument kvart år, er det heilt avgjerande at det er basert på langsiktige og seriøse samarbeidspartnarar og sponsorar.

Det vart delt ut 3 hardingfeler på Landsfestivalen på Løten 17 – 21 juli 2013.

Utvalgskomiteen består av:

Håkon Høgemo 5282 Lonevåg

Hardingfelespelemann, ein av landets
fremste utøvarar og lærar i
hardingfelespel ved
Norges Musikkhøgskole i Oslo.

Øyvind Gimse
7010 Trondheim

Cellist og leiar for Trondheimsolistene.
1.amanuensis ved Musikkonservatoriet i Trondheim

Even Tråen
3626 Rollag

Journalist og aktiv hardingfelespelemann.

Helge M. Bergnord
2680 Vågå

Fiolinmakermester og initiativtakar

Det er også plass for ein eventuell representant fra sponsoren om det er ønskelig.

Helge M. Bergnord
www.violinmaker.no
epost: post@violinmaker.no
Vågåvegen 53A – N- 2680 Vågå -Norge